



# Tildeler i Bergen nord, lyser Bergen sentrum ut på nytt

**PRESSEMELDING**  
05.01.2011

**KONTAKTPERSON**  
Karl Inge Nygård,  
kontraktsansvarleg i  
Skyss  
Telefon: 55 23 90 96  
Mobil: 93 08 89 71

Anbudskonkurransen om busskøyning i Bergen nord er avgjort, medan Bergen sentrum vert lyst ut på nytt.

Skyss kunngjorde 9. juli 2010 konkurranse om kven som skal køyre buss i dei to ruteområda Bergen sentrum og Bergen nord dei neste sju åra. Skyss har evaluert dei innkomne tilboda, og fylkesrådmannen har tatt følgjande avgjerd:

Tide Buss AS vert tildelt kontrakten for Bergen nord. Tildelinga er gjort etter at tilbodet er vurdert som det totalt sett økonomisk mest fordelaktige tilbodet, basert på ei vekting av tildelingskriteria pris (60 prosent), kvalitet (30 prosent) og miljø (10 prosent). Kontrakten har ein verdi på kr. 191 120 000 per år.

I konkurransen for Bergen sentrum var det tre tilbydarar. Alle tre – Tide Buss AS, Norgesbuss AS og Fjord1Partner AS – er blitt avviste på grunn av formelle feil og manglande oppfyljing av krav i tilboda, som skaper tvil om kva for eit tilbod som er best. Konkurransen vil derfor bli lyst ut på nytt så snart som mogleg.

På grunn av den nye utlysinga vil oppstart av rutepakke Bergen sentrum venteleg bli forseinka med to til tre månader. Planlagt oppstart var 1. oktober 2011.

Hordaland fylkeskommune ved Skyss administrerer kollektivtrafikken i fylket gjennom å planleggje, kjøpe og marknadsføre kollektivtransport på buss, bybane, båt og ferje.